

**Scene 14: Sol forgiftar kyrkjetenaren.**

*f Sol overraskar kyrkjetenaren som  
luskar rundt husa.*

**Sol**

Bøø!

**Kyrkjetenar**

Du skremer folk frå vetet, du di tøs.

**Sol**

Eg veit det. Du er kyrkjetenaren.

**Kyrkjetenar**

Det veit vel ikkje du som aldri går  
i kyrkja, vesle krek. Men din tur kjem.

**Sol**

Til å få gå i kyrkja?

**Kyrkjetenar**

Tvert i mot.  
Du manglar alt som heiter gudetru.

**Sol**

Å? Er det ikkje stygt å spionere?

**Kyrkjetenar**

Eg veit nok kva slags menneske de er.  
Eg veit det. Du og djevelen du har  
til far kan berre vente. Dommens dag  
er nær. Fortapt er både du og dine.  
Ja, straffa ventar dei du kallar nær  
og kjær familie. For svovledamp  
vil stige svart som sot frå syndens pøl  
og sleikje bort kvart minste andedrag.  
Men eg kan redde deg frå heksebålet.  
Men då må tøyta vera snill mot meg.

Kom, skal eg vise deg, koss menn er skapt.  
For mannen har ei oppgåve på jord.

Sol sparker til han.

Kyrkjetenar

I morgon blir du dømt til bålet, tøs.

Du satans hore. Bålet ventar deg

- og dine. De skal brenne levande.